

Idrettsminne frå 60-åra og framover.

Eg vil i dette skrivet prøve å skildre ymse idrettsminne og hendingar tilknytt idrettslaget frå 60-talet og fram til omkring tusenårsskiftet. Hovudbolken vil nok dreie seg om dei to fyrste tiåra og mindre om 80- og 90- talet.

60-talet

Det fyrste eg minnest herifrå er det store hopprennet som var i Brunstadbakken, årstalet var 1962. Til dette rennet kom ein nyleg verdsmeister i kombinert, Arne Larsen frå Heggedal. Eg kan hugse at det var ein enorm dugnadsinnsats for å få bakken ferdig. Den tida var vi mykje på fabrikkane i fritida. Fabrikkane var Brua og Meieriet (Velledalen). Arbeidarane her var ofte blant dugnadsgjengen for å lage bakken ferdig.

Frå rennet kan eg hugse at Arne Larsen vann og sette ny bakkerekord (56 m) og at han fekk ein møbelsalong i premie. Eg hugsar også at Øye-Olav (Olav P. Hole) og Arne Wullum konkurrerte i kombinert hopp. Kanskje var dette eit bygdameisterskap eller liknande og at langrennet hadde blitt arrangert før. Eg meiner i alle fall at Olav gjekk sigrande ut av denne duellen. Elles trur eg at der var nokre Hjellegjerde-karar som hoppa og dei var både dristige og uredde i hoppbakken. Kor mykje folk der var, veit eg ikkje, men eg trur at det må ha vore over 1000 menneske.

Det neste rennet hugsar eg betre, det var i 1965. Også til dette rennet kom Arne Larsen. Han vart vel lokka tilbake av det flotte premiebordet tre år tidlegare. Premiar var det nok av denne gongen også. Brua-karane (Kjell, Jon, Arne og Ole), saman med Jon Hjortdal og Fridtjof Drabløs, hadde fått tak i møblar og møbelutstyr frå heile bygda, så dette spurdest sikkert blant dei aktive. Blant deltakarane var fleire nasjonale løparar: Johan Flytør (vann rennet), Hans Olav Sørensen (bakkerekord 60,5 m), Arne Larsen samt ein trio frå Molde og Fram 1907; Jan Olav Roaldset, Ingolf Mork og Hans Jørgen Næss.

Av lokale hopparar meiner eg at Øye-Olav også deltok i dette rennet. Elles var der fleire lokale hopparar, bl.a. Arnold Bolstad og ein kar herifrå dalen som seinare vart lensmann, nemleg Roar Skoglund. Eg hugsar spesielt godt at han hoppa, på grunn av brølet då han forlét hoppet. Overgangen kom litt for brått på han så han måtte nedi med baken, fyrst ein gong , så ein gong til, og til slutt ei lang renne i unnarennet. Bakkemannskapet måtte reparere bakken før neste hoppar kunne sette utfor. Det er rart at det er slike minne som sit best. Velledalen sin unge, lovande hoppar den gongen, Rolf Lødøen, skada seg i prøveomgangen og deltok ikkje i rennet.

Midt på 60-talet kom der i stand ei lysløype for langrenn i Holemarka, innom huset til Rolf Lødøen. Denne sette fart i langrennsinteressa for oss unge den gongen og den vart flittig brukt vinterstida. Øye-Olav var ein ivrig instruktør i løypa og vi var ein gjeng på mellom fem og ti stykke som trena der jamt. I denne tida fekk vi også langrennsdressar, det var Jetmund-Ane på Lade som sydde buksene til oss. Overdel var raude pologenserar med kvite nikkersar og raude strømper til. Eg trur Brua-Karl (Karl B. Lade) var med i designteamet til langrennsdressane.

Vi reiste ein del på Sunnmøre og deltok i renn den tida. Resultat og liknande hugsar eg ikkje så mykje av, men ein tur sit i alle fall godt i minnet. Det skulle vere stafett på Øye i Norangsdalen, det var truleg eit KM. Øye var ikkje enklaste staden å reise til vinterstida den gongen, men Øye-Olav visste råd. Han avtalte med ein småbåteigar i Hundeidvika, og tidleg ein søndagsmorgon tøffa vi innerter Hjørundfjorden og inn Norangsfjorden til Øye. Vi var to lag. Kjetil Hole, Otto Brunstad, Geir Hjorthol, Einar Gløtheim, Åge Lade og underteikna. Olav var med som lagleiar og smørjar.

Rennet minnest eg ikkje så mykje av, men det var ein trong passasje gjennom ein steingard, og her var det mykje knall og fall og tap av ski. Men båtturen er det som blir hugsa best, vi sat og talde bølger heile vegen – både inn og utatt gjennom fjorden.

Før eg forlét bolken i 60-åra, må eg nok ein gong nemne Øye-Olav. Han ofra svært mykje tid på oss unge den gongen og snakka det inn i oss kor viktig fysisk fostring var. Når ein veit at han i denne tida hadde fire-fem born under skulepliktig alder, må ein nesten lure på korleis han fekk tid til alt. Noko av forklaringa var vel den tolmodige kona Helga, som tok seg av heimen. Diverre døydde Olav i ei bilulukke i 1978, så altfor tidleg.

70-åra

Ei stor hending for Velledalen IL var opninga av den nye grasbana i 1971. Idrettslaget fekk hand om eit område nedom den gamle grusbana. Dette trur eg kom i stand som eit makebyte der Sykkylven Kommune tok over grusbana til skuleplass mot at det kom i stand ein avtale med Knut-Sigvart (Sigvart Velle) der idrettslaget fekk arbeide opp ei ny bane. Det var ein svær dugnadsinnsats gjennom 60-talet, der eg sjølv deltok i lag med mange andre hynar. Dei var ikkje så vanskelege å be den gongen, berre dei fekk bruke traktor. Dette var i starten på gardstraktorane, og det var oftast dei unge som var best skikka til å handsame dei. Sommaren 1970 vart bana sådd av Lars-Harald og Pe- Jon (Harald K. Hjorthol og Jon Hjortdal) og året etter opna med ei stor turnering, der VRF slo Hødd 1-0 i finalen.

I denne tida vart også skitrekka i Ladalen opna og dette kveikte alpininteressa hjå mange. Det var helst Fitjekarane som var gode slalåmrennarar. Det årvisse Fjellseterrennet, som brukte å gå 2. påskedag, starta oppe på Sætrfjellet og enda rett ovanfor Lastølen. Her var løypa manuelt trakka både med ski og føter på førehand. Fitjekarane hadde trening i å trakke. Dei hadde i årevis sidetrakka frå Fetstølen og opp på Myrdalsfjellet for deretter å trene slalåm eller super-G, ned att. Dei var i alle fall ikkje umaklause.

To unge alpinistar, Øyvind Fet og Sigbjørn Ånes, var heilt i fylkestoppen i starten på 70-åra. Dei òg hadde starta treninga i Holemarka med eit lite mobilt tautrekk. Det vart nok forskjell då det nye trekket kom i Ladalen.

I langrennsløypa var det Brua-Bjørn (Bjørn Asle Lade) som var den kvassaste i starten av denne bolken. Han var då blant dei aller beste i fylket. Bjørn la opp då han nådde junioralder. I siste halvdel av bolken var det Pål Rune Fet, Steinar Fet og Hallgeir Lade som var dei beste. I tillegg hadde laget tre jamne rivalar av 66-årgang, Odd J. Drotninghaug, Svein Arne Nakken og Roger Hole.

På slutten av 70-talet vart Fjellsæterrunden starta opp som eit turlangrenn. Dette var eit samarbeid mellom idrettslaga i bygda (SIL, IIL, HIL og VIL) og etter kvart fekk Velledalen IL ansvaret for løypa. Dei første åra var denne i òi sløyfe på om lag 28 km. Starten var nedom skitrekket, så ut på Gamlestølen deretter ovom Fetstølen, rundt Dravlausstølen og inneretter mot Vikelva og oppå Storhaugen. Deretter innom Stiglivatnet på Fausa, tilbake og rundt Orreneset, så eit godt stykke ned i Fasteindalen før den fortsette utover forbi Nysætra og herifrå opp i botnen av Røfsdalen. Så bar det unnabakke heilt ned til Nysætervatnet att og

utover langs dette til mål nedom trekket. Det var heile fire vegkryssingar, så mykje folk måtte til denne tida som vakter. Nokre episodar var det nok då myndige vakter stoppa bilar i korte periodar medan løparar passerte, men det gjekk som oftast bra. På den tida hadde trekket ei trakkemaskin og vi var avhengige av den for å få til løype. Løypekøyninga starta som oftast laurdag langt ut på ettermiddagen etter at trekket var stengt. Det kunne bli lange kveldar, ofte var det kluss med trakkemaskina, og meir enn ein gong var vi ikkje ferdige med løypa før langt ut i dei små timar. Eg kan enno hugse Bård Erstad springande i lyskastarlyset frå trakkemaskina nedetter Røfsdalen for å finne den beste traséen. Her var det stor fart, så løypetraséen måtte veljast med omhug, noko Bård var spesialist i. Han var sjølv ein habil langrennsløpar denne tida og toppa som regel klassa si, sjølv om oppladinga kvelden før ikkje var den aller beste som løypeansvarleg. Denne tida var desse turrenna ei skikkeleg breiddesamling der fleire hundre deltok i konkurransen. Både Brua-Karl, Bolla (Johan S. Grebstad) og fleire andre dalafolk deltok i dei fyrste renna.

I den seinare tida har Fjellsæterrunden vorte omlagd slik at ein no berre går to rundar rundt Nysætervatnet med ei tilleggssløyfe rundt Dravlausstølen i startrunden. Hyttebygginga har auka monaleg siste åra, så på litt sikt kan det faktisk bli eit problem å halde ein høveleg trasé.

80 og 90 åra.

På slutten av 70-talet og starten på 80-talet kom nye og yngre krefter inn i idrettslaget. Med dei kom nye idèar, aktivitetar og arrangement. Denne tida kom hesteskokastinga som konkurranseidrett, klubbavisa "Sportsbladet Trimmian" dukka opp med frisk journalistikk, Velledalsdagane vart arrangert med solide overskot og laget vart meldt inn Norges Gang-og Turmarsjforbund. Som eit resultat av dette kom Romjuls marsjen, som kvart år har samla mellom 120-200 deltakar 2.juledag, heilt tilbake sidan 1980. Denne tida arrangerte laget populære "Hyggjekveldar" for medlemmane, der dei ulike gruppene hadde ansvaret for programmet, fleire gongar i året. Folk på alle nivå vart engasjerte og medlemstalet voks til over 200.

I denne tida vart det og starta ei trimgruppe.

I fyrste tida vart det so vidt eg hugsar arrangert ymse trimbingoar, seinare årvisse turar og grillkveldar(Brunstadsætra), og frå slutten av 80 åra trimpostar i skogsvegar , sætrar og fjelltoppar.

I starten var det ein del motstand blant enkelte mot denne forma for trim. Dei meinte at slikt ikkje skulle organiserast , men det er i allefall ikkje tvil om at desse postane har fått mange fleire ut av godstolen og då kan i allefall ikkje eg sjå noko gale i det.

Eg trur at dette har gått seg meir til i dag. Og dessutan er det fritt føre om ein vil skriv seg inn i ei bok eller ikkje, dersom ein er ute på tur.

Før eg avsluttar må eg nemne Atle Hole. Ingen veit kva Velledalen IL hadde vore i dag utan hans utrøytelege arbeid og engasjement for dalen.

Tenk berre på alle arrangement han har vore idétakar til.

I tillegg til dei eg alt har nemnt hadde vi Skrønemakarkveldane i 5 år på rad på 90 talet, Kakeetarfestival og Sildedag i etterkant av desse.

Ein av dei aller siste tilvekstane er Kondradløpet som får både gamle og unge, prest og ordførar, til å delta kl. 05.00 morgonen.

Det viser seg at det er det orginale som fengjer folk, og det er bra at vi har folk som tør å satse på arrangement som ein i utgangspunktet skulle tru var heilt dødfødt.

Dette skrivet har kanskje ikkje vorte så mykje om konkurranseidretten i laget, heller litt omkring alt det idrettslaget har vore involvert i i den bolken eg har skrive om, og som eg ser på som viktig å få ned på papiret.

Det er i allefall ikkje tvil om at Velledalen IL i dag står fram som ein livfrisk 100 åring.

Svein Helge Hjorthol